

Følgerebrev til utkast utlysningstekst

Forklaring til punkta i utlysningsteksten.

I utkastet som er sendt ut til referansegruppene for diskusjon, er det også lagt inn punkt under føringar/ynskjer og ønska kvalitetar. Disse punkta er basert på tilbakemeldingane/innspel ifrå interessepartia. Dette er gjort for å gi eit eksempel på type føringar/ynskjer ein kan legge inn i ein utlysningstekst og kva som er ein «ønska kvalitet». Dette er gjort for lettare å forstå kva dei ulike avsnitta m/kulepunkt i ein vanlig utlysningstekst består av.

Dei første avsnitta m/kulepunkt i utlysningsteksten er ei oppsummering av type konkurranse og regelverket rundt det.

Omfang:

- Omfanget skal beskrive oppgåvene (Arkitektkonkurransen) i store trekk.

Rammevilkår:

- Skal gi dei ytre rammene på oppgåva, som arkitektane ikkje kan gå utanfor.
- Rammevilkåra er fastsett av vedtaket som blei gjort av KS i sak KS93/2023 (*Korleis gjennomføre ein best mogleg opprusting/nybygg av Tokke Skule til ein omtrentleg sum på 100 MNOK. Arbeidsgruppa skal tidleg i prosessen vurdere korleis ein kan legge til rette for skilje/separat barne og ungdomskule.*)
- Vidare er det lagt inn noko om antall elevar, SFO-plassar og tilsette. Desse er basert på dagens tall, samt at ein ikkje bygger for lite når ein fyrst sett i gang.

Føringar og ynskjer:

- Under føringar legg ein inn ynskje av den fysiske bygningsmassa.
- Her kan ein legge inn spesifikke ynskjer som antall kontor, storleik på rom o.l., eller at det er avsett areal til ein type aktivitet.
- Til fleire ting ein sett inn her, til meir komplisert/avgrensa blir oppgåva for arkitektane.

Ønska kvalitetar ved ny skule:

- Punkt som ein sett inn her, skal klargjere kva for ein følelse/kvalitet ein ynskjer på bygget/området (prosjektet).
- Farge og materialval kjem inn i detalj-prosjekteringa og blir ikkje nemnt her.

Klima- og miljøhensyn:

- Her er det berre lagt inn det som er vedteke i klimaplan. Denne kan utvidast eller innskrenkast etter ynskjer ifrå politisk hald.
- Ein tenkjer at oppvarmingskjelder og energibruk kjem inn i detalj-prosjekteringa.

Planlagt leveranseomfang:

- På dette punktet legg ein inn det som ein ynskjer skal være minimumsleveransen frå deltakarar av konkurransen.

Vidare i avsnitta blir det gjort greie for korleis konkurransen skal gjennomførast praktisk, og relevant informasjon til deltakarane.